

3.1 Plan for elevane sitt psykososiale skulemiljø

KJENNETEIKN PÅ GODT PSYKOSOSIALT SKULEMILJØ VED ØUS, PRAKSIS OG TILTAK:

Grunnlag: Opplæringslova § 9A – Elevane sitt skulemiljø

Mål: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

(Opplæringslova § 9A-2)

OVERGANG BARNESKULE - UNGDOMSSKULE	ANSVAR	FRIST
Informasjon om ØUS til nye 8. klassingar ved barneskulane: organisering, fag, retten til eit godt fysisk og psykososialt miljø, praktisering av § 9A, skape forventningar hos barneskuleelevane.	Avdelingsleiar	Mai
Ung til ung formidling. UNGmotivatorar møter dei nye 8. klassingane på barneskulane. Gjennom øvingar, historier, dialog og rollespel vert det sett fokus på å ta egne val, ta vare på kvarandre og vise mot.	UNG-motivatorer og MOT coacher	Mai/Juni
Informasjon om ØUS til foreldre/føresette til dei nye 8. klassingane: organisering, fag, retten til eit godt fysisk og psykososialt miljø, praktisering av § 9A, rettar og plikter	Rektor og avdelingsleiar	Mai/Juni
Dei nye 8. klassingane besøker ØUS, gjer seg kjend med kontaktlærarane, lokalitetane og gjer aktivitetar saman.	Avdelingsleiar og kontaktlærarar	Mai/Juni
Første skuleveke – samhandlingsaktivitetar for dei nye 8. klassingane med tanke på at dei skal bli kjende med kvarandre og lærarane.	Avdelingsleiar og kontaktlærarar	August
Basisgruppene vert sett saman ut frå elevane sine ønskje, så langt det lar seg gjere. Elevane får alltid vere saman med elevar dei kjenner frå før.	Avdelingsleiar og kontaktlærarar	Mai-august

FØREBYGGING GENERELT	ANSVAR	FRIST
MOT – Skulen som samfunnsbygger handlar om rektor som samfunnsbygger, skulepersonalet som samfunnsbyggerar og å spreie MOT-filosofien i lokalmiljøet. Målet er å skape eit fellesforstått ansvar: <ul style="list-style-type: none"> Forsterke vaksne sin felles forståing for at det er viktig å skape ein kultur der alle er inkludert. 	Rektor Tilsette MOT coacher	Heile skuleåret

<ul style="list-style-type: none"> • Styrke rektor, skulepersonellet og lokalsamfunnet sine foreldre, trenarar og leiarar som samfunnsbyggjarar. • Styrke ein skule og eit lokalsamfunn der alle blir sett på ein positiv måte. • Forsterke ein felles verdiplattform i skulen 		
MOT – Robust ungdom. Gjennom 12 MOT-øker i løpet av ungdomsskulen er målet å utvikle robuste ungdommar som inkluderer alle. MOT sine verdiar – MOT til å leve, MOT til å bry seg og MOT til å seie nei er sentrale i heile MOT sitt program.	MOT coacher	2 timars øker gjennom skuleåret
MOT krydder i kvardagen: <ul style="list-style-type: none"> • Opplevingar i fellesareal, t.d. ØUS-utfordring, danseoppvisningar, minikonsertar, idrettsaktivitetar. 	MOT coacher Elevrådet Tilsette Elevlar	Gjennom skuleåret
Psykisk og fysisk helseveke to gonger kvart skuleår. Målet er at alle elevlar skal oppleve eit godt fysisk og psykisk skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen ønskjer å gje korrekt og forskingsbasert kunnskap om ulike tema elevane er opptekne av og som skulen meiner dei bør få kjennskap til. To dagar vert sett av til "kurs" og ein dag til fysisk aktivitet. Felles obligatorisk foreldremøte i helsevekene.	Alle tilsette Eksterne samarbeids- partnarar	Haust veke 34 Vår veke 4
Kantine – Elevane kan kjøpe sunn lunsj i kantina kvar dag i storefri.	Barne- og ungdoms.arb. Elevlar	Kvar dag i storefri
ØUS-dans torsdager, Fredagskahoot og onsdagsspel i Biblioteket – Skulesjakk i storefri kvar onsdag	Tilsette og Unge Motivatorar	Kvar onsdag, torsdag og fredag i storefri

RELASJON LÆRAR-ELEV, LÆRAR-GRUPPE/KLASSE	ANSVAR	FRIST
Læraren opptrer som tydeleg vaksen. Han/ho viser tydeleg kor grensene går og viser nulltoleranse i høve mobbing.	Alle lærarar	Kontinuerleg
Læraren har tydeleg struktur på undervisninga og formidlar tydelege mål for elevane.	Alle lærarar	Kontinuerleg
Læraren gir konstruktive tilbakemeldingar sosialt og fagleg og innarbeider ordensreglane og klassereglane grundig i klassen.	Alle lærarar	Kontinuerleg
Læraren byggjer opp positiv relasjon til alle elevane, viser dei omsorg og støtte og bryr seg om og ser dei. Han/ho stiller rettferdige krav til elevane, rosar og korrigerer ut frå kjende og faste normer i klassen.	Alle lærarar	Kontinuerleg

Læraren skaper motivasjon og engasjement for læring og god sjølvkjensle hos elevane. Han/ho skapar tillit og tryggleik rundt seg gjennom relasjon og samarbeid.	Alle lærarar	
Kontaktlærar tek opp tema om mobbing i klassemøte/basisgruppemøte og informerer om korleis mobbing kan føregå, korleis ein opplever det å bli mobba og at mobbaren og tek skade av å mobbe.	Kontaktlærarar	Ved skulestart og gjennom skuleåret
Kontaktlærar gjennomfører elevsamtale to gonger i året der m.a. mobbing og det psykososiale miljøet vert vektlagt. Lærar nyttar mal utarbeidd for samtalen.	Kontaktlærar	November og april
Gjennomgang av ordens- og trivselsreglane samt konsekvensar ved brot på desse.	Kontaktlærar	Ved skulestart og gjennom skuleåret

RELASJON MELLOM ELEVANE	ANSVAR	FRIST
Elevane viser omsorg og respekt for kvarandre slik at alle opplever tryggleik og trivsel på skulen.	Alle elevar	Kvar dag gjennom skuleåret
Elevane er samarbeids- og lærevillige, kreative og engasjerte.		
Elevane følgjer ordensreglane og viser god folkeskikk.		
Elevane aksepterer at elevar er ulike og hjelper og støttar kvarandre.		
Elevane er høflege og inkluderande og tek sterk avstand frå vold, hærverk, mobbing, rasistiske og krenkjande utsegn eller handlingar.		
Elevane er gode MOT-ambassadørar som bryr seg om kvarandre.		

SAMARBEID SKULE-HEIM	ANSVAR	FRIST
Relasjonen mellom kontaktlærar/lærar og foreldre/føresette er prega av tillit, samarbeidsvilje og respekt for kvarandre. Forholdet er ope og venleg i høve eleven sin faglege og sosiale utvikling.	Kontaktlærar Foreldre	Gjennom heile skuleåret
Lærar og foreldre/føresette formidlar dei same forventningane til elevane.		
Kontaktlærar/lærar og foreldre blir samde om dei same grensene for mobbing og asosial åtferd.		
Kontaktlærar og foreldre/føresette gjennomfører utviklingssamtale 2 gonger i året og nyttar mal utarbeidd for samtalen.	Kontaktlærar	November/ april
Foreldre/føresette vert orientert om §9A i Opplæringslova og om skulen sin plan for elevane sitt psykososiale skulemiljø på felles klasseforeldremøte i mai/juni.	Teamleiar Rektor	Mai/juni

Foreldre tek kontakt med kontaktlærer og motsett når noko bør orienterast om, på tlf/mobil, sms eller e-post.	Kontaktlærer Foreldre	Gjennom heile skuleåret
FAU, Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet har medlemmar som aktivt medverkar til eit godt og trygt skulemiljø.	Rektor Medlemmar	Gjennom heile skuleåret

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING:

AVDEKKING AV MOBBING	ANSVAR	FRIST
Mobbing som fast tema på alle trinn/alle klassar.	Kontaktlærer	Heile skuleåret
Mobbing som fast tema på teammøta kvar veke.	Teamleiar	Kvar veke
Anonym skriftleg psykisk/fysisk helseundersøking på 8. trinnet.	Helsesjunkteleiar Sosiallærer	September
Klassetrivselundersøking ei gong i halvåret	Kontaktlærer	Haust/vår
Elevsamtalen to gonger i året der skulemiljøet (mobbing) og er eit tema.	Kontaktlærer	Haust/vår
Utviklingssamtale to gonger i året der skulemiljøet (mobbing) og er eit tema.	Kontaktlærer	Haust/vår
Observasjonar i timar og friminutt.	Alle tilsette	Heile skuleåret
Inspeksjon i friminutta etter inspeksjonsplan med systematisk loggføring av uønska eller bekymringsfulle hendingar.	Alle tilsette	Heile skuleåret
Elevundersøkinga frå Udir kvar haust.	Rektor Teamleiarar	Haust

AKTIVITETSPLIKT	ANSVAR	FRIST
Alle tilsette ved skulen skal: <ul style="list-style-type: none"> ● Følgje med på kva som skjer på skulen. ● Gripa inn omgåande og stoppa uakseptable/uønska hendingar. ● Varsla rektor viss dei ser/mistenkjer at ein elev ikkje har det trygt og godt. ● Varsla rektor viss ein tilsett utøver vald, mobbar eller trakasserer elevar. ● Undersøkja straks viss dei ser/mistenkjer at ein elev ikkje har det trygt og godt. 	Alle tilsette	Heile skuleåret

TILTAKSPLIKT - AKTIVITETSPLAN	ANSVAR	FRIST
Viss ein elev seier eller viss ei undersøking viser at ein elev ikkje har det trygt og godt, pliktar skulen å setje inn eigna og lovlege tiltak som er heimla i ordensreglementet. Involverte elevar skal bli høyrde, og kva som er best for elevane skal vera	Rektor Teamleiarar	Heile skuleåret

<p>eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid. Skulen skal lage ein skriftleg plan (aktivitetsplan) når det skal gjerast tiltak i ei sak.</p> <p>I planen skal det stå:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva problem tiltaka skal løyse • Kva tiltak skulen har planlagt • Når tiltaka skal gjennomførast • Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka • Når tiltaka skal evaluerast <p>NB! Saka er løyst når eleven igjen har det trygt og godt på skulen!!</p>		
---	--	--

DOKUMENTASJONSPLIKT	ANSVAR	FRIST
<p>Skulen må dokumentera skriftleg kva dei gjer for å sørge for at elevar har det trygt og godt på skulen – Plan for elevane sitt psykososiale skulemiljø (denne plan) og aktivitetsplanar i enkeltsaker.</p> <p>Dokumentasjonen skal sikre at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevar og foreldre kan sjå at skulen tek saka deira på alvor, og at dei forpliktar seg til å hjelpa eleven. • Fylkesmannen raskt kan få oversikt viss saka vert sendt dit. • Saka er tilstrekkeleg opplyst ved eventuelle tilsyn, erstatnings- eller straffesaker. 	Rektor Teamleiarar	Heile skuleåret

SAKSGANG VED MOBBING	ANSVAR	FRIST
<p>Mistanke om eller melding om mobbing.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilsett som får kunnskap eller mistanke om mobbing, skal snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga munnleg og deretter skriftleg ved å fylle ut registreringsskjema – undersøking- og varslingsplikt. • Viss det er naudsynleg og mogleg, skal den tilsette gripa direkte inn – handlingsplikt. • Skuleleiing handterer saka vidare jf. saksgang nedanfor. 	Tilsett som får mistanke Støtte: Kontaktlærer Avdelingsleiar Rektor	Omgåande utan ugrunna opphald
<p>Foreldre eller elevar gir skulen melding om at mobbing skjer:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen fyller ut registreringsskjema og undersøker saka. • Rektor eller teamleiarar kallar inn til møte, drøftar forholdet og forklarar vidare saksgang – aktivitetsplan vert laga. 	Kontaktlærer Avdelingsleiar Rektor	Omgåande utan ugrunna opphald



<ul style="list-style-type: none">• Det vert teke avgjer om eleven sin rett etter §9a er oppfylt og alvorgrad og evt. tiltak vert vurdert.		
Samtale med mobbeutsatt og mobbar/iverksetjing av tiltak/info foreldre: <ul style="list-style-type: none">• Når skulen har fått avklart at mobbing skjer, må ein straks gå vidare med å stoppe mobbinga: Først må det snakkast med mobbeutsatt, deretter mobbaren (mobbarane) - STOPPSAMTALE og evt. vitne• Foreldre til begge partar vert informert/involvert.• Aktivitetsplan vert skriven og sett i verk snarast råd.	Kontaktlærer Avdelingsleiar Rektor	Omgåande utan ugrunna opphald
Oppfølging av mobbeutsatt/ evaluering av tiltaka: <ul style="list-style-type: none">• Mobbeutsatt skal følgjast tett opp.• Ein evaluerer tiltaka etter ei veke.	Kontaktlærer Avdelingsleiar Rektor Foreldre	Innan ei veke
Klagerett: <ul style="list-style-type: none">• Viss foreldra eller eleven ikkje er nøgd med tiltaka, har dei høve til å klage.• Skulen må vurdere saka på nytt og evt. setje i gang ytterlegare/andre tiltak. Foreldre og elev vert involvert i denne prosessen.	Foreldre Avdelingsleiar Rektor	
Viss mobbinga framleis ikkje stoppar <ul style="list-style-type: none">• Skulen må arbeide vidare med saka i samarbeid med foreldra.• Evt. trekkje inn andre instansar – PPT, Beredskapsteam for psykososialt arbeid i Øygarden kommune (Trygg i Fellesskap).• Nye tiltak vert utarbeidd og effektuert.	Foreldre Kontaktlærer Avdelingsleiar Rektor	Omgåande utan ugrunna opphald
Oppfølging og tiltak/evt. ny klage til skulen <ul style="list-style-type: none">• Viss elev eller foreldre framleis ikkje er nøgd med utviklinga i saka eller tiltaka, kan dei sende klage til skulen.• Skulen må vurdere og evt. setje i verk nye tiltak og førebu saka til fylkesmannen i samråd med skuleeigar.• Viss saka er teken opp med rektor, og viss skulen ikkje har sett i verk tiltak innan ei veke, kan foreldra klaga direkte til fylkesmannen.	Foreldre Avdelingsleiar Rektor	Heile skuleåret
EVALUERING AV DENNE PLAN	ANSVAR	FRIST
<ul style="list-style-type: none">• Planen vert evaluert og justert etter behov på bakgrunn av endringar/erfaringar som vert gjort gjennom skuleåret.	Alle tilsette Elevrådet FAU/SMU	Årleg



**ØY
GARD
EN**

Øygarden
ungdomsskule

<ul style="list-style-type: none">• Elles evaluering årleg på personalsamling og i råd og utval.		
--	--	--

Stad og dato - oppretta/oppdatert:	Av kven:
Rong 29.06.2022	Trine Omland (Rektor)

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Postadresse
Ternholmvegen
2
5337 RONG

Konto.nr.
1506.24.29981

Org.nr.
922 53 0890

Telefon
56 16 00 00

E post
postmottak@oygarden.kommune.no